Forslagsstillarane har blitt skulda og klaga for ein del forhold etter at forslaget vart fremja. Nordlys skreiv på leiarplass at SV tydelegvis lét seg inspirere av TV-bilette framfor av vitskapleg dokumentasjon. Det gjer vi sjølv sagt ikkje. At forslaget vårt vart fremja nokre dagar etter at «Ut i naturen» hadde eit program om kongekrabben, var sjølv sagt veldig god timing for SV, men det var ikkje motivasjonen for å fremje forslaget. Vi har også registrert dei forskarfaglege innvendingane som har komme mot det omtalte programmet, og vi har teke det til etterretning.

Men ingen forskarfaglege innspel har overtydd meg om at ikkje forslaget vårt om å forvalte kongekrabben som ein uønskt introdusert art er riktig. Eg er gjerne med på ein diskusjon om kva som er dei rette verkemidla for å nå dette målet, men målet må vere sånn. Eg meiner ein skyt bom når ein argumenterer mot forslaget vårt ved å seie at det ikkje er mogleg å utrydde kongekrabben. Det er ikkje det dette handlar om, det handlar om å setje seg eit mål, eit forvaltingsmål for kongekrabben.

Det skal ikkje vere nokon tvil om at den offentlege debatten rundt kongekrabben har vore hektisk. Vi har også merka oss at debatten i større grad har dreidd seg om verkemidla enn om dette målet. Eg meiner det er av mindre interesse om det er mogleg å utrydde kongekrabben, det er målet som er det interessante.

Dette handlar ikkje om ein skummel skapning på havets botn. Dette handlar om at introduserte marine artar blir rekna som eit av dei aller største trugsmåla mot havmiljøet. Dei kan føre til dramatiske endringar i økosystemet der dei lykkast i å etablere seg. Det er endringar som det i stor grad er vanskeleg eller umogleg å spå, på grunn av dei mange komplekse samanhengane i økosystemet. Direktoratet for naturforvaltning la i framlegget sitt til høyringa i komiteen vekt på at introduserte artar kan forandre heile økosystemet. Det gjorde inntrykk på meg at SABIMA, Samarbeidsrådet for biologisk mangfold, under høyringa i komiteen sa at dei ikkje hadde kjennskap til at ein einaste introdusert art som har den eigenskapen at han kan forville seg, hadde lykkast eller vore eit positivt bidrag til økosystemet.

Å redusere trugsmåla frå slike introduserte artar er eit av hovudtema i oppfølginga av FN's konvensjon om biologisk mangfold. Konvensjonen er juridisk bindande. Vi har gjennom å ratifisere konvensjonen også forplikta oss til artikkel 8 h, som seier at så langt det er mogleg og føremålstenleg, skal vi hindre innføring av, kontrollere og utrydde framande artar som kan true økosystem, leveområde for artar eller artar direkte. Dette har vore ei av miljøvernminister Børge Brendes kjernesaker. Børge Brende seier i ei pressemelding frå 17. april i fjor at Regjeringa framleis vil føre ein sær streng praksis når det gjeld framande artar som bevisst er introduserte. Det seier han i ei pressemelding, at vi må gjere meir for å stoppe tapet av biologisk mangfold. Brende seier at framande artar er vurderte til å vere ein av dei største truslane for det biologiske mangfaldet nasjonalt og internasjonalt. Eg klarer ikkje å forstå at ein ikkje må vere litt ueinig internt i Regjeringa med omsyn til kva konsekvensar dette skal få for forvaltninga av kongekrabben. Men det får ein heller ta på kammeret i Regjeringa. Det skal ikkje eg leggje meg særleg borti.

Eg registrerer at det økonomiske utbyttet av å drive kommersiell fangst på kongekrabben blir sett opp mot dei moglege økologiske konsekvensane. Når leiaren av Noregs Fiskarlag på høyring i komiteen legg vekt på at kongekrabben er uforlikleg med tradisjonelt fiske, og at han kan endre den naturlege balansen i systemet, gjer det inntrykk på meg. Når Fiskebåtredernes Forbund set spørsmålsteikn ved forvaltninga av kongekrabben, og seier at norske styresmakter er dristige i sin tilnæringsmåte, gjer det også inntrykk på meg.

Eg synest det er eit stort paradoks at utfallet av behandlinga her i salen i dag blir at økonomiske interesser som næringa sine organisasjonar ikkje identifiserer seg med, framleis skal vere utgangspunktet for forvaltninga av kongekrabben. Eg klarer ikkje å forstå korfor Stortinget skal tillegge næringa og lokalsamfunn i Nord-Noreg slik interesse.

Under høyringa i komiteen vart det stilt spørsmål ved om fiskarane eigentleg meinte at kongekrabben er ein pest og ein plage, eller om dei inst inne var fornøgde med det økonomiske utbyttet. Eg trur begge delar er tilfellet. Eg trur det er fullt mogleg å oppdrive ein heil del fiskarar som er veldig fornøgde med det økonomiske utbyttet på 250 000 kr – som eg har sett av fiskeripressa – på fjorten dagars fangstaktivitet når det gjeld kongekrabbe. Noko anna ville overraske meg stort. Men det hjelper ikkje! Leiaren i Noregs Fiskarlag, Reidar Nilsen, sa på høyringa at det økonomiske utbyttet som nokre fiskarar har av kongekrabben, er klart underordna dei moglege økologiske langtidskonsekvensane og den plaga som kongekrabben påfører andre fiskarar. Eg lurar på kor mykje tydelegare ein må seie det.

Eg har også fått klar tilbakemelding frå Finnmark Fylkesfiskarlag om at dei er einige om å støtte sentralt Noregs Fiskarlags linje i denne saka, og då skulle det ikkje vere meir tvil.

Eg er nøydd til å presisere at vi også har fått med oss dei innspela som har komme frå representantar frå Hav-



**(Elvik)**

forskningsinstituttet og Noregs fiskerihøgskole i forhold til spørsmålet som vi behandlar i dag. Og vi tar til etterretning at ein ikkje har tilstrekkeleg vitenskapleg kunnskap til å slå fast om kongekrabben er ein trussel mot havmiljøet eller ikkje. Nettopp derfor skal ein leggje føre var-prinsippet til grunn. Dette er ikkje først og fremst eit spørsmål om kongekrabben sin biologi, dette er eit spørsmål om kva tilnærming ein har til økosystemet som heilskap. Som eg har sagt tidlegare: Føre var-prinsippet er eit krav om at i situasjonar med stor grad av vitenskapleg uvise – det får vi bekrefta frå forskarhald absolutt gjeld i denne situasjonen – skal risikoen for miljøskadar ha stor vekt i konkrete avgjerder. Det betyr at vi skal treffe tiltak allereie før vi har eintydig vitenskapleg kunnskap.

Dette er i tråd med det som stortingsfleirtalet har sagt tidlegare i dag under behandlinga av havmiljømeldinga, der ein har lagt vekt på ei økosystembasert forvaltning, ei kunnskapsbasert forvaltning, sektorovergripande ansvar og føre var-prinsippet. – Og så klarer ein altså et par timar etterpå å forlate alle dei fine orda og alle dei overordna prinsippa når det kjem til konkrete avgjerder. Det er vel ikkje ei einestående hending, men det er ganske tydeleg her i dag.

Eg synest det er på det nærmaste utruleg at Arbeidarpartiet, Framstegspartiet og regjeringspartia er i stand til å argumentere med at vi må ha ei føre var-forvaltning av kongekrabben samtidig som vi skal forvalte kongekrabben som ein ressurs så lenge vi ikkje har vitenskapleg kunnskap som dokumenterer at han er skadeleg. Ein har altså omdefinert føre var-prinsippet til eit vente og sjå-prinsipp. Går det gale, ja, då skal vi setje inn tiltak. Eg må seie eg er einig i ein leiarartikkel som stod i Bladet Tromsø etter at forslaget vårt var fremma, der leiaren skriv at miljøvern ikkje handlar om å ta sjansar, men om å vere føre var. Nemleg!

Det har vore lite oppe til diskusjon både i den offentlege debatten og her i dag at kongekrabbelarver er pelagiske. Det er derfor truleg at larvene blir tekne opp i ballastvasstankane på skip. Vi veit alle saman at det er forventet stor auke i skipstrafikken langs kysten i Nord-Noreg, m.a. som ein konsekvens av Snøhvit. Vi risikerer å bli ein eksportør av kongekrabbelarver t.d. til Nord-Amerika. Eg lurar på kva slags ansvar stortingsfleirtalet tek for den risikoen i dag.

Konklusjonen vår er at kongekrabben ikkje først og fremst skal forvaltast som ein ressurs, men som ein potensielt svært skadeleg introdusert art. Men vi veit ikkje – og det er heile poenget. Det å forvalte han på den måten vil vere i tråd med Noregs internasjonale forpliktingar, m.a. gjennom Konvensjonen om biologisk mangfald. Det er bakgrunnen for dei forslaga vi har fremja om å setje som mål å halde kongekrabbebestanden så langt nede som mogleg og finne dei tiltaka som bidreg best til å nå det målet, slik at vi oppfyller våre internasjonale forpliktingar.

Forslaga våre blir dessverre nedstemte i Stortinget i dag. Det er det vel ikkje nokon tvil om. Men eg er overtydd om at vi på lang sikt, før historia viser oss at vi dess-

verre hadde rett i alle våre verste spådommar, vil få ei meir fornuftig forvaltning av kongekrabben, fordi det er noko som pressar seg fram, og fordi Regjeringa har eit ganske høgt ambisjonsnivå, m.a. i forhold til Konvensjonen om biologisk mangfald. Eg trur at dei ambisjonane også må flyttast heimover og ikkje berre gjelde på den internasjonale arenaen. På lang sikt er eg overtydd om at vi kjem til å få rett, og at vi får ei betre og meir fornuftig forvaltning av kongekrabben. Eg trur forslaget vårt har bidrege til det, og at dette er eit første skritt på vegen.

**Presidenten:** Det blir replikkordskifte.

**Bendiks H. Arnesen (A):** Jeg kan fortsatt ikke, etter representanten Elviks innlegg, se de store forskjellene mellom det mindretallet og det flertallet sier i denne innstillingen.

Det som jeg kanskje undrer meg over, er at ikke SV vil dvele litt ved noen av de miljømessige motforestillingene som forskerne har fremmet når det gjelder det umiddelbart å igangsette fri fangst av krabben – de forhold som er pekt på, at bare 10 pst. kan utnyttes, og at resten kanskje vil gå over bord.

Hvordan mener SV at vi skal forholde oss til Russland som forhandlingspartner i denne saken? Skal vi bare sette i gang uten de forutgående forhandlingene som flertallet har pekt på og bedt Regjeringen ta med seg videre? Tror ikke representanten Elvik at vi da kan komme i en konfliktsituasjon, som kanskje hindrer oss i å sette i verk viktige tiltak for å begrense utbredelsen av kongekrabben?

**Åsa Elvik (SV):** Eg får ta til etterretning at fleirtalet i Stortinget har behov for å minske avstanden til mindretallet, men då skjønner eg ikkje korfor ein ikkje like godt kunne ha støtta mindretallet sine merknader og forslag.

Eg er veldig glad for at representanten Arnesen tek opp spørsmålet i forhold til Russland. Eg òg er klar over at kongekrabben er definert som ein fellesbestand, og at vi forvaltar han i samarbeid med Russland. Men om det skal forhindre Stortinget frå å komme med klare signal i forhold til korleis Stortinget ønskjer at denne arten skal forvaltast, i forhold til at Stortinget faktisk ønskjer å oppfylle sine internasjonale forpliktingar, ja, då skjønner eg ingen ting! Nettopp derfor har vi formulert forslaga våre slik at vi ber Regjeringa om å ta initiativ i Den norsk-russiske fiskerikommissjonen. Vi innser at dette er ein norsk-russisk fellesbestand – i alle fall blir han forvalta slik – at ein har behov for å ta initiativa der, og at Stortinget ikkje einssidig kan iverksetje tiltak.

Men eg klarar ikkje å sjå korfor ein skal vere så defensiv. Og om det skal vere eit hovudargument for at ein ikkje kan støtte forslaga frå SV, forstår eg ikkje korfor ein vel å leggje seg på den linja, for det er i sin konsekvens å kastrere Stortinget – om det er lov å seie slikt på denne talarstolen!

Det er også bakgrunnen for at vi seier – og som eg la vekt på i hovudinnlegget mitt – at det viktige her er å bli einige om eit forvaltingsmål. Og så meiner eg at tiltaka er

underordna målet. Vi støttar oss gjerne på forskarfaglege innspel – det sa eg òg i innlegget mitt – i forhold til kva som vil vere dei viktige og riktige tiltaka for å nå målet. Men eg registrerer jo her i dag at fleirtalet avfeiar målet i første omgang, og då må tiltaka vere mindre interessante å diskutere etter det.

Eg høyrde òg under høyringa at når ein utfordrar dei forskarfaglege på målet, er dei einige i målet. Det synest eg er ganske interessant.

**Presidenten:** Siden presidenten egentlig er lege av profesjon, har han en veldig konkret oppfattelse av ordet «kastre», som han nok synes er litt på siden av vokabularet en bør ha i Stortinget.

**Rigmor Andersen Eide (KrF):** SV peker på ulike faser og utfordringer vi har i forvaltningen av kongekrabben. På mange områder deler vi de synspunkter som SV har. Det viser merknadene flertallet har i denne saken. Men det som undrer meg, er at SV er så utålmodig i denne saken. Hvorfor kan ikke SV vente og se på resultatene som forskningen vil fortelle oss?

SVs skråsikkerhet virker noe påfallende. Vi oppfordrer SV til å se på resultatet av forskningen mens vi iverksetter begrensede tiltak.

Ser ikke også SV noe positivt i denne saken, bl.a. at kongekrabben kan gi flere og nye arbeidsplasser i et område som virkelig trenger det, i Finnmark? Vi opplever vel også at det kan oppfattes som god distriktpolitikk i så måte.

**Åsa Elvik (SV):** Eg har ikkje noko problem med å forstå at fiskarar som får eit relativt stort økonomisk utbytte av fangst av kongekrabbe, er glade for det, at det er positivt og at det sånn sett bidreg til næringa. Men det er ikkje det dette spørsmålet handlar om.

Eg skulle heller ønskje at Kristeleg Folkeparti kunne bli ein sterkare alliert i forhold til ei berekraftig forvaltning av vår viktigaste marine art, nemleg torsken, i staden for å leggje vekt på at kongekrabben skal forvaltast ut frå omsyn til berekraft.

Om vi er skråsikre eller ikkje, er heller ikkje poenget. Eg er ganske skråsikker på våre internasjonale forpliktingar, og at dei ikkje blir oppfylte slik vi forvaltar kongekrabben. Våre internasjonale forpliktingar seier at vi skal setje inn tiltak før vi har vitskapleg dokumentasjon, dersom det er nødvendig. Og om det gjer oss skråsikre eller ikkje, er for meg eit relativt underordna spørsmål. Men eg må seie at eg synest Kristeleg Folkeparti spring fort frå sine elles gode intensjonar i forhold til internasjonal miljøforvaltning, når ein også skal oppfylle det på heimebane i forhold til kongekrabben.

**Presidenten:** Flere har ikke bedt om ordet til replikk.

**Olaf Gjedrem (KrF):** Me i Kristeleg Folkeparti deler uroa for kongekrabben sin innverknad på økosystemet med dei andre representantane her i dag. Kongekrabben

fører til problem for mange fiskarar, og han breier seg kraftig, samtidig som bestanden aukar i omfang.

Kristeleg Folkeparti har òg stor respekt for å følgja opp FN's konvensjon om biologisk mangfald, og det er viktig å redusera truslane frå introduserte artar. I denne samanhengen skal vi strekkja oss så langt som råd er for å oppfylle desse krava, samtidig som det frå forskingsfagleg hald blir uttrykt at det vil vera umogleg å totalfjerne kongekrabben.

Når dette er gjeve, synest Kristeleg Folkeparti at det er fleire forhold som ein må peika på, og som har stor betydning i denne samanhengen. I Den norsk-russiske fiskerikommisjonen vurderer ein m.a. auka fangst av kongekrabben inntil forskingsresultat om bestand og bestandsutvikling ligg føre. Det bør òg tillatast fangst av kongekrabbe som bifangst, og det bør innførast forbod mot utkast av kongekrabbe som bifangst. Det er viktig å leggja vekt på at forvaltninga av kongekrabben må skje etter føre var-prinsippet.

Eit anna forhold som me synest er av stor betydning, er at me må trekkja Russland aktivt med i forskingsarbeidet, og at ein må skapa forståing på russisk side for at auka uttak av krabbe er ønskjeleg for å redusera moglege negative konsekvensar. Det er nødvendig å ha eit kritisk søkjelys på kongekrabben, og det er heilt klart manglande kunnskap om krabben og den påverknaden han har på anna liv i havet.

Det er sett av store beløp til forskning over statsbudsjettet for 2003, og me har full tillit til at Regjeringa følgjer opp denne forskinga og vurderer desse resultatane på ein tilfredsstillande og tilstrekkeleg måte.

Me ser behovet for å kartleggja alle relevante konsekvensar av kongekrabben sin eksistens i norske farvatn. I denne samanhengen synest eg det er positivt at det skal haldast eit symposium no i år som skal gjera greie for fakta om kongekrabben – det gjeld utbreiing og økologiske konsekvensar – med deltakarar frå Noreg og Russland og frå forskingsfagleg hald.

Kongekrabben gjev kommersielle/industrielle næringsmoglegheiter, sjølv om konsekvensane av utbreiinga av kongekrabben i norske farvatn er usikre, og sjølv om me erkjenner at det kan ha uheldige konsekvensar. For livet i sjøen er det likevel av stor betydning å sjå på dei positive sidene ved kongekrabben. Han kan bli ein verdfull økonomisk ressurs for dei som deltek i fangsten. Det er ein ressurs som har eit stort marknadspotensial, der det er gode prisar å henta for dei som er i bransjen. Dette kan òg vera ein kjærkomen nisje og dermed gje arbeidsplassar i distrikta. Dette bør vera attraktivt med tanke på næringsutvikling og sysselsetjing i distrikta. Det er noko betenkjeleg at SV ikkje godtek denne verkelegheita, at det er ca. 130 båtar som deltek i denne fangsten. Det utgjer då ca. 250 000 kr i inntekt for desse deltakarbåtane. Dette er ei verksemd som ikkje er avhengig av statsstøtte, og som me iallfall må få godkjent utgjer ei viss distriktpolitisk betydning ved at ho gjev inntekter til deltakarar frå Distrikts-Noreg, der ein sårt treng denne typen arbeidsplassar.

Eg vil òg leggja til at som resultat av dette er det sett i gang eit oppdrettsanlegg som er landbasert, for å sjå om ein på denne måten kan nytta det økonomisk og i noko meir kontrollerte former.

Fleirtalet, inkludert Kristeleg Folkeparti, ser òg at me må ha eit positivt blikk på moglegheita for at fiskarar som får øydelagt gambruk, får fortrinn ved tildeling av nye kvotar.

Me i Kristeleg Folkeparti er bekymra for den hurtige og kraftige utbreiinga av kongekrabben. Me meiner at det må fastsetjast ei vestgrense for utbreiinga av kongekrabben, og me er av den klåre oppfatninga at forskning for å kartleggja endå betre dei ulike konsekvensane av kongekrabben si nærvære i norsk territorialfarvatn må ha høg prioritet. Mens me ventar på forskingsresultata, er det viktig at ein tillèt auka fangst på kongekrabben, som på den måten bidreg til både næringsutvikling og levande samfunn i distrikta.

**Presidenten:** Det blir replikkordskifte.

**Heidi Sørensen (SV):** Jeg savner det gamle Kristelig Folkeparti. Jeg savner det Kristelig Folkeparti som jeg husker fra den tiden da jeg jobbet i miljøbevegelsen, det Kristelig Folkeparti som var opptatt av å verne om naturen, og som den gangen sammen med SV var opptatt av å ha respekt for kompleksiteten, en slags ærefrykt for at det er sammenhenger vi ennå ikke forstår, en slags ærefrykt for at vi skal trå litt varsomt når vi skal mene bastante ting om at det er greit å sette i gang virksomhet.

I denne saken opplever jeg et føre var-prinsipp som er snudd på hodet. Man argumenterer som om tvilen skal komme kongekrabben til gode. Her er det altså motsatt. Det er økosystemene i Barentshavet tvilen må komme til gode. I så henseende representerer kongekrabben en trussel. Dette handler ikke om hvorvidt vi skal forske mer eller mindre på kongekrabbe, for alle er enige om at vi skal forske mer, lære mer, vite mer. Vi kan i dag ikke være sikre på hva som skjer. Men vi vet at kongekrabben er en stor potensiell trussel. Denne saken handler om hvilken ærefrykt vi skal ha for naturen i den perioden vi skal forske mer. Skal vi ha litt mindre fangst og håpe at det går bra? Eller skal vi knesette føre var-prinsippet og si at vi må ha et forvaltningsmål som gjør at vi holder bestanden lavest mulig fordi den er en introdusert art? Jeg håper å se mer av det gamle Kristelig Folkeparti i denne saken. Jeg vil spørre representanten om vi ikke kan utvise litt mer ærefrykt og la tvilen komme økosystemene i Barentshavet, og ikke kongekrabben, til gode i denne saken.

**Olaf Gjedrem (KrF):** Eg set pris på det omgrepet som representanten Sørensen brukte, ærefrykt for naturen. Det er relevant. Eg skal vera med i fyrste linje og innrømme at ein føler usikkerheit. Eg trur eit samla storting ville ha gått imot å setja ut denne krabben dersom ein hadde visst om han og kunne ha teke stilling til han, at det var i strid med den internasjonale konvensjonen

om biologisk mangfald, som det har vore vist til her tidlegare.

Me har eitt faktum i dag: Kongekrabben er sett ut, og han begynner å få stor utbreiing. På den bakgrunnen har ein eit forvaltingsprogram. Å halda han i sjakk fører til auka uttak og forskingsinnsats, bl.a. i MARE-prosjektet, som er lansert fram til 2004 i fyrste omgang for å få maksimal kjennskap til verknaden av den introduserte arten i norske område.

Det er viktig å ha denne kunnskapen. Som representant for Kristeleg Folkeparti vil eg gjerne ha den ærefrykta, og eg er utolmodig etter å undersøkje kvar fakta ligg og korleis ein best kan koma dei negative konsekvensane som dette kan medføra, i møte. Men vi veit for lite om dette i dag. Både departementet og fleirtalet her i Stortinget er utolmodige etter å få den forskingsmessige kompetansen og kjennskapen til utbreiinga av arten i Noreg, slik at me kan setja i verk dei best moglege og mest effektive tiltaka. Dei tiltaka som Regjeringa alt har sett i verk, vitnar om at ein tek dette på alvor, og at ein vil få ytterlegare kunnskap, som gjer at ein på ein maksimalt treffsikker måte kan handtera denne trusselen mot det økologiske systemet i sjøen. Det har høg prioritet å finna fram til ei slik erkjenning og å retta inn tiltak.

**Presidenten:** Flere har ikke bedt om ordet til replikk.

**Marit Arnstad (Sp):** Utbredelsen av kongekrabben har skjedd fort. I løpet av sju år er kongekrabbebestanden bortimot seksdoblet. Den har vandret 50 mil vestover.

Nyheter som har blitt referert i dag, tilsier at det i dag finnes rundt 16 millioner kongekrabber i Barentshavet. Det er nesten slik at en kan si at det har vært en eksplosiv utvikling av denne arten, som på ingen måte har vandret noen steder, men har blitt utplassert i et økologisk område der den faktisk ikke hører hjemme.

Etter å ha hørt debatten ser man helt tydelig at kjerne-spørsmålet er hvilket utgangspunkt man tar for forvaltningen av kongekrabbe. Skal kongekrabbebestanden behandles som en ressurs, eller skal den behandles som en uønsket introdusert art i det norske økosystemet i nord?

Senterpartiets oppfatning er at risikoen ved å behandle den som en ressurs er for stor til at et slikt utgangspunkt kan aksepteres. Vårt utgangspunkt er derfor at kongekrabben må behandles som en uønsket introdusert art i Norge, og at virkemidlene må velges deretter.

Isolert sett kunne vi kanskje sett kongekrabben som en mulig ressurs og en mulig nisje for fiskerinæringen. Men da er det også viktig å legge vekt på at næringen sjøl ikke ønsker kongekrabben som en slik nisje. Næringen sjøl gir tvert imot uttrykk for at den ønsker at vi skal behandle denne arten nettopp som en uønsket introdusert art. Det er spissformulert. Men jeg må si at ut fra de høringene vi har hatt, og ut fra behandlingen i komiteen, kan en si at det er mulig at det ikke er av hensyn til fiskerne sjøl at kongekrabben skal behandles som en ressurs, men av hensyn til forskerne. Det er i tilfelle, etter min mening og Senterpartiets mening, et feil utgangspunkt for debatten.

Det er to viktige årsaker til at Senterpartiet velger å stå sammen med SV i merknader og forslag. Det ene er som sagt det utgangspunkt vi mener en bør ha når det gjelder de økologiske konsekvensene av utbredelse av kongekrabbe. Det er umulig å forutse de konsekvenser dette kan få for flora og fauna, og samspillet i økosystemene er så kompliserte at ingen av oss i dag kan sitte her og si at kongekrabben ikke vil ha negative virkninger. Derfor vil det også være en gambling dersom en venter og ser for lenge i forhold til forvaltningen av kongekrabben.

Det andre utgangspunktet for Senterpartiet, som også er viktig, er selvsagt at det både blant miljøinteressene og næringsinteressene er enighet om hvordan en bør forvalte kongekrabben. Det synes jeg også en skal legge vekt på i forhold til en næring som er av så stor betydning for hele Norge, og ikke minst for den landsdelen vi her snakker om.

Jeg registrerer at flertallet også sier at de vil være lydhøre overfor næringen, og at de er opptatt av å avklare hva en kan gjøre i forhold til å redusere bestanden av kongekrabbe. Det synes jeg er positivt, men jeg tror at dersom man skal ta seg tid til å avklare, kan man faktisk gjøre det gjennom å åpne for et fritt fiske. Uansett vil det, etter det som er sagt fra forskernes side, ta lang tid å fiske ned bestanden. Da kan det være et rimelig utgangspunkt at en rett og slett åpner for at det her kan fiskes fritt. Jeg tror ikke at det ved de tiltak som flertallet ønsker, vil være mulig å redusere bestanden tilstrekkelig. Jeg mener at flertallet i salen i dag forskreper seg i ønsket om både å behandle kongekrabben som ressurs og samtidig prøve å behandle den basert på et føre var-prinsipp – et føre var-prinsipp som debatten her i dag viser at flertallet har en smule vanskelig for å forklare.

Jeg er også enig i det som er sagt fra representanten Elvik her tidligere, at det ikke er så veldig interessant å diskutere om det er mulig å utrydde kongekrabben eller ikke. Vi må diskutere i perspektivet hva slags forvaltning man skal legge opp til når man mener at kongekrabben er en skadelig, introdusert art. Da er etter min mening den eneste mulige forvaltningen man kan legge opp til, fritt fiske – at man, nettopp fordi man ikke har tilstrekkelig kunnskap, legger opp til den type strategi.

Med disse merknadene vil jeg ta opp forslaget fra SV og Senterpartiet i innstillingen.

**I n g e L ø n n i n g** hadde her gjeninntatt presidentplassen.

**Presidenten:** Representanten Arnstad har tatt opp det forslaget hun viste til.

**Statsråd Svein Ludvigsen:** Jeg er enig med saksordføreren, som i dagens første innlegg slo fast at kongekrabben er en ressurs. Men vi er også enige om at kongekrabben er en introdusert art i Barentshavet. I utgangspunktet er den derfor ikke å anse som en naturlig del av faunaen i våre nordlige farvann. Alt tyder imidlertid på at kongekrabben er kommet for å bli – enten vi liker det eller ikke – og spørsmålet er derfor hvordan vi skal for-

holde oss til det, slik representanten Arnesen så riktig pekte på.

Ser vi bort fra den begrensede forskningsfangsten, har kongekrabben inntil nå ensidig vært et problem for dem som driver tradisjonelt kystfiske i Øst-Finnmark. Som bifangst har kongekrabben nemlig både ødelagt bruk og ført til tap av fangst og fangsttid for mange fiskere.

Helt siden vi i samarbeid med Russland igangsatte forskningsfangst i 1994, har det imidlertid vært bred enighet om at norsk politikk skulle være å forvalte kongekrabben som en ressurs for framtidig økonomisk utnyttelse.

Som følge av det har bestanden nå kommet opp på et nivå hvor den er blitt en betydelig økonomisk ressurs, og hvor mange kan nyte godt av den, ikke minst de fiskere som har blitt sterkest berørt av bifangstproblematikken, slik komiteen tar til orde for.

Jeg er også tilfreds med at komiteflertallet og Fiskeridepartementet har sammenfallende synspunkter på sentrale problemstillinger. Førstehåndsverdien av fangsten var på over 30 mill. kr både i 2001 og 2002. Med i underkant av 130 deltakende fartøy gav det en inntekt på ca. en kvart million kroner pr. fartøy i fjor. Og det er de som har hatt mest plage med krabben, som nå får høste av den, slik også komiteen tar til orde for. I så måte har jeg allerede tildelt kvote til dem som komiteen ber om skal nyte godt av det.

Verdiskapningen på land er også betydelig. Eksportverdien utgjør i størrelsesorden 50 mill. kr for hvert av de to siste årene. I en periode da en stor del av næringen sliter svært tungt, er kongekrabben et oppløftende unntak med gode fortjenestemarginer både på sjø og land.

Med Varangerfjorden som kjerneområde hittil for utbredelse av fangst, er det naturligvis spesielt Øst-Finnmark som nyter godt av kongekrabben. Det kan f.eks. være grunn til å spørre hvordan situasjonen hadde vært på Bugøynes uten denne økonomiske vitamininnspøyningen.

Kongekrabben kan vise seg – jeg understreker, kan vise seg – i framtiden å bli en ny bærebjelke for kystsamfunn i Finnmark.

Samtidig må det imidlertid ikke herske tvil om at norske myndigheter ser alvorlig på problematikken knyttet til kongekrabben som introdusert art. Denne regjeringen har skjerpet fokuseringen og innsatsen ytterligere, både nasjonalt og internasjonalt. I så måte har denne regjeringen vist handlekraft siden vi tiltrådte for kort tid siden.

Jeg har lyst til å si til representanten Elvik, som forsøker å så tvil om hvorvidt miljøvernministeren og fiskeriministerens er uenige om kongekrabben og Konvensjonen om biologisk mangfold. Jeg er ikke overrasket over at man gjør det, men jeg er overrasket over at man ikke har fått med seg det som står i vedlegg 2 i et brev fra Fiskeridepartementet, hvor Miljøverndepartementet slår fast:

«Departementet anser også at de tiltakene som nå er varslet, jf. fiskeriministerens brev til komiteen av 14. januar 2003, vil være i tråd med Norges internasjonale forpliktelser og med Regjeringens havmiljøpolitikk.»

Så svaret er gitt, hvis man hadde lest innstillingen.

Vi er blitt enig med Russland om å etablere en vestgrense for fellesforvaltningen av kongekrabben, hvilket vil gi Norge et avtalemessig grunnlag for å begrense utbredelsen av denne bestanden vest for grensen.

Samtidig skal det ikke unnlås at det ikke nødvendigvis vil bli verken enkelt eller billig å iverksette tiltak mot videre utbredelse.

Komiteen tar til orde for økt fangst. Vi har fordoblet det norske uttaket av kongekrabben fra 100 000 dyr i fjor til 200 000 i inneværende år, for høstens fangst.

Russland har også fordoblet sin kvote fra 300 000 til 600 000 dyr, hvilket innebærer at fangsten faktisk vil øke fra 400 000 dyr i fjor til 800 000 dyr i år, slik komiteen også tar til orde for at vi skal øke.

Sist, men ikke minst, vil økt forskningsinnsats på kongekrabben kraftig skje dette året, med en avsetning på statsbudsjettet på nesten 5 mill. kr.

Havforskningsinstituttet er gitt i oppdrag å utarbeide et større program for forskning og overvåking av konsekvensene av kongekrabbens inntreden i våre farvann. Vi tar også sikte på å prioritere slik forskning i årene framover.

Sammen med Russland har vi satt i gang et treårig felles forskningsprogram med fokus på spørsmålet om kongekrabbens effekter på det eksisterende økosystemet i Barentshavet. I den forbindelse vil det bli arrangert et internasjonalt symposium i Norge med fokus på introduserte arter i løpet av inneværende år.

Er så det å fiske kongekrabben helt ned den beste veien å gå, kan man spørre. Etter mitt skjønn er det et bedre alternativ å søke en middelvei mellom total nedfisking på den ene siden, som vi ikke vet utgangen av, og ukontrollert vekst i bestanden på den andre siden.

Jeg har merket meg at flertallet i komiteen ønsker at vi både skal øke fangstinnsetningen og innføre utkastforbud for kongekrabbe samt vurdere fangst av hunnkrabbe. Det er tiltak som vi vil ta med oss i den videre redegjørelse, og vi skal komme tilbake til det, slik komiteen ber om, i kommende budsjettproposisjon.

**Presidenten:** Det blir replikkordskifte.

**Åsa Elvik (SV):** Sidan det er demonstrert med all ønskeleg tydelegheit at stortingsfleirtalet og stortingsmindretallet er ueinige om korleis ein skal tolke føre var-prinsippet, lurte eg på om statsråden kunne gjere greie for Regjeringas fortolking av korleis føre var-prinsippet skal kunne anvendast. Kven skal tvilen kome til gode?

Som eg refererte til i hovudinnlegget mitt, var SABIMA i høyring i komiteen inne på at ein kjenner ikkje til eit einaste eksempel på at ein introdusert art som har den eigenskapen å kunne forville seg, har vore ein suksess. Har statsråden eksempel på introduserte artar som har den eigenskapen at dei kan forville seg, som har vore ein suksess?

Mitt siste spørsmål går på Konvensjonen om biologisk mangfald. Ein har hatt eit partsmøte for å finne klare retningslinjer for korleis ein skal stelle seg i forhold til

dei forpliktingane som ligg i Konvensjonen om biologisk mangfald. Miljøvernministeren var ganske tydeleg i den pressemeldinga som vart send frå departementet 17. april i fjor, i forhold til at han var glad for retningslinjene, og han seier at Regjeringa framleis vil føre ein veldig streng praksis når det gjeld framande artar som bevisst er introduserte. Då lurar eg på om fiskeriministeren er enig i det, og når desse prinsippa seier at mangel på vitenskapleg kunnskap ikkje skal vere ei unnskyldning for ikkje å iverksette tiltak, korleis han meiner det harmonerer med norsk forvaltning av kongekrabbe.

**Presidenten:** Presidenten vil bemerke at til vanlig skal tvilen komme tiltalte til gode, men er litt usikker på hvem den tiltalte er i denne sammenheng. Det kan kanskje statsråden oppklare?

**Statsråd Svein Ludvigsen:** Jeg kan ikke bidra til den oppklaringen utover å konstatere at jeg ikke anser meg som tiltalt. Ut fra debatten kan man kanskje tenke seg at krabben måtte være det, men at det tyder på at juryen vil frikjenne den!

Det er spørsmål om å tolke føre var-prinsippet. Ja, det er ikke tvil om fra min side at skal vi tolke det, gjelder det at tvilen skal komme miljøet til gode. Men det er altså ikke vitenskapelig bevist at krabben har negativ innvirkning på økosystemet etter 40 år i Barentshavet og i nordområdene. Det er helt klart at det har hatt en økonomisk negativ effekt på kystfiskernes aktivitet i Varangerfjorden siden den vandret over på norsk side. Det kan man være enig om. Men da er det litt påtakelig at de som påberoper seg forskerne som de toneangivende i tolkningen av føre var-prinsippet, ikke legger vekt på forskernes utsagn. De fremste forskerne vi har på krabbe, slår fast at vi ikke kan bevise at det har negativ innvirkning på økosystemet. Det får vi ta med i det videre arbeidet.

Så er det, som bl.a. representanten Ivar Kristiansen redegjorde for i sitt innlegg, slik at denne arten ble satt ut lenge før konvensjonen ble vedtatt. I så måte må vi ta det også med oss. Men jeg synes det da er viktig å ta innover seg at vi forvalter denne ressursen og denne krabben sammen med russerne. Konsekvensen av at vi skulle bryte ut av det samarbeidet, ville kunne være at russerne med like stor rett kunne bryte ut av samarbeidet på f.eks. torsken. Så her er det viktig at vi har med oss realitetene i dette og forholder oss til det internasjonale avtaleverket, så det ikke får uheldige konsekvenser for andre arter.

**Steinar Bastesen (Kp):** Ordet «kongekrabbe» hadde vel ikke vært nevnt i denne salen før jeg nevnte det i 1998, så det er ikke noe nytt.

Men det var ikke det jeg skulle stille spørsmål om til fiskeriministeren. Da spørsmålet ble stilt om hvorfor vi forvalter kongekrabben annerledes enn vi forvalter annen fisk i Barentshavet, var ikke fiskeriministeren til stede, det var en annen statsråd som svarte for ham. Men hvorfor forvalter vi kongekrabben på annen måte enn annen fisk, ved utkastpåbud av kongekrabben som det ikke er kvote på, mens vi har ilandføringspåbud av annen fisk,

altså det motsatte av hva man har i EU? I EU har man utsettingspåbud. Vi har altså utkastpåbud av kongekrabbe som vi ikke har kvote på, og vi har ilandføringsforbud. Hvis garnene hadde vært fulle av kongekrabber, og man ikke visste sine arme råd med hvordan man skulle få dem ut av garnene og så tok dem opp på kaia, kunne man altså bli anmeldt til lensmannen og få bot for at garnene var fulle av kongekrabbe! Det stilte jeg spørsmål om i denne sal, og fikk rede på at sånn skulle det være.

Mitt spørsmål til fiskeriministeren blir: Hvorfor forvalter vi kongekrabben annerledes enn vi forvalter annen fisk, når han beviselig har stått her på talerstolen og sagt at vi skal forvalte den som en ressurs? Spørsmålet er videre: Hvorfor skal det være sånn at vi har utkastpåbud når det gjelder kongekrabbe, mens vi har ilandføringspåbud når det gjelder fisk?

**Statsråd Svein Ludvigsen:** Det kan igjen være grunn til å minne om at det har vært bred politisk enighet om at kongekrabben skulle forvaltes som en økonomisk ressurs fra den ble satt ut til den vandret over på norsk side og til vi åpnet for kommersiell fangst sist år. Siden denne regjeringen overtok, har vi hatt et aktivt forhold til de problemstillinger som forbilledlig er diskutert i dag. Det synes jeg blir litt borte i den diskusjonen som vi nå har. Vi har økt uttaket. Vi dobler uttaket sammen med russerne, slik at totalt vil 800 000 dyr bli tatt ut i år. Vi etablerer en vestlig grense hvor vi med forskernes anbefalinger skal se til at vi på best mulig måte kan begrense spredningen uten at vi – ei heller mindretallet i dag – har klare oppfatninger om hvordan vi skal forholde oss til det.

Enn så lenge har vi forvaltet den ut fra økonomiske betraktninger, men siden det kun er ca. 10 pst. av kongekrabbebestanden som har en kommersiell verdi, er det imidlertid en vanskelig balansegang vi står overfor hvis vi fortsatt ønsker å utnytte krabben som en ressurs. Her ligger forklaringen på det spørsmålet som representanten Bastesen tok opp.

Hvis uttaket blir for høyt, vil vi nemlig kunne risikere at vi fisker ut den delen av bestanden som har en kommersiell verdi, og så sitter vi igjen med bare plager. Det er nettopp denne balansegangen Regjeringen forsøker å beholde, både å utnytte den som en ressurs og å bidra til at spredningen ikke blir større, samtidig som vi øker forskningsinnsatsen og på den måten skaffer oss mer kunnskap om dette. I bunnen for de beslutninger som vi har tatt, og som vi ønsker å legge til grunn, er det først og fremst vitenskapelig kunnskap.

**Heidi Sørensen (SV):** I sitt svar til representanten Elvik starter statsråden med å si at føre var-prinsippet er å la tvilen komme naturen til gode. Det er korrekt. Så fortsetter han med at det ikke er bevist at kongekrabben er farlig, og sekundet etter har han glemt hva han sa først. Nei, det er ikke bevist at kongekrabben kan føre til kollaps av økosystemene i Barentshavet. Det vet vi faktisk ikke. Men føre var-prinsippet betyr å snu problemstillingen den andre veien. Det betyr at det heller ikke er bevist at den ikke kan føre til det. Da må jeg si at jeg er temme-

lig forundret over de konklusjonene man trekker, hvis man samtidig sier at man tar føre var-prinsippet på alvor.

For 40 år siden sa forskere at miljøgiften PCB og sprøytegiften DDT var ufarlige. Forskere drakk DDT for å overbevise folk om at det var greit å bruke slikt sprøytemiddel. Man brukte PCB som tyggegummi for å overbevise om at det var helt ufarlig. På bakgrunn av den lærdommen vi har fått når vi nå må bruke milliarder av kroner for å rydde opp etter gammel forurensning, må vi la tvilen komme naturen til gode. Det betyr for kongekrabbens del at naturen er økosystemet i Barentshavet, ikke kongekrabben. Det betyr at hvis du skal se på kongekrabben som en ressurs – unnskyld, president – er det faktisk slik at du skal bevise at det er ufarlig å gjøre det. Bevisbyrden ligger hos dem som vil forvalte den som en ressurs, ikke hos dem som vil prøve å holde den på et minimumsnivå fordi den er en introdusert art som kan føre til potensielt meget stor skade. Jeg vil da spørre på nytt: Er det økosystemet i Barentshavet, eller er det kongekrabben som tvilen skal komme til gode?

**Presidenten:** Presidenten vil anta at tiltaleformen «du» i denne sammenhengen var ment å bety «man».

**Statsråd Svein Ludvigsen:** Etter at jeg har hørt representanten Sørensen forsøke å tegne et skremselsbilde av kongekrabben og bruke PCB som et eksempel på det, føler jeg vel at man er i ferd med å gå helt ut av proporsjonene. Det får være grenser for hvor langt man skal trekke det.

Jeg holder fast ved, som jeg sa, at det ikke er vitenskapelig bevist at krabben har negativ innvirkning på økosystemet. Men man kunne også si det på en annen måte, at det ikke er skadevirkninger i økosystemet. Ingen kan observere det. Det vises f.eks. til at flyndre er blitt borte i Varangerfjorden. Ja, flyndra er blitt borte også i andre deler langs kysten uten at det er kongekrabbe der. Man kan godt vise til at mange har hatt plager med innblanding i redskaper, men det er ikke en del av økosystemet. Det er det hele argumentasjonen til flere av mindretallets representanter har bygd på, at fiskerinæringen og andre, deriblant miljøorganisasjoner, har vært negative til det. Men det forskerne, de som har forsket på dette, sier, og det som er erfaringen 40 år etter at krabben ble satt ut, er at det skremselsbildet som blir tegnet, hvor man sammenlikner med PCB-utviklingen, ikke er riktig.

**Åsa Elvik (SV):** Med det siste svaret frå statsråden til representanten Sørensen må eg seie at det begynner å bli tydeleg kva som er Regjeringa si haldning til kongekrabben. Dersom ein ønskjer å avdramatisere det ved å seie at andre ting har vore verre, lurar eg jo på om statsråden i det heile sluttar seg til formålet i Konvensjonen om biologisk mangfald. Poenget med den er at dersom vi manglar vitenskapleg sikkerheit, skal tvilen komme naturen og miljøet og ikkje kongekrabben til gode. Det høyrer ut som om statsråden ønskjer å forlate det formålet. Då må vi spørje på nytt: Kven er det tvilen skal komme til gode?

Er det kongekrabben, eller er det økosystemet i Barentshavet? Poenget her er ikkje at kongekrabben er like farleg som PCB. Poenget er dei potensielle, økologiske langtidseffektane av kongekrabben. Det er også det som Konvensjonen om biologisk mangfald tek for seg. Der ein manglar sikker kunnskap, skal det forholdet føre til at ein faktisk set i gang tiltak.

Så skal eg seie til gunst for fleirtalet i Stortinget, og som ein konsekvens av forslaget til SV, at ein begynner å gå den vegen. Som eg sa i innlegget mitt, er eg overtydd om at forslaget frå SV til slutt kjem til å vinne igjennom i forhold til forvaltninga.

Men eg må seie at det siste svaret til statsråden får meg til å stille spørsmål ved kva som er Regjeringa si haldning til Konvensjonen om biologisk mangfald.

Lat meg også klargjere, sidan det kom fram i statsråden sitt innlegg, at poenget i forslaget frå mindretallet ikkje er å bryte med den forvaltninga Russland har. Nettopp derfor er forslaget formulert slik at vi ber Regjeringa ta initiativ i kommisjonen. Så det er ikkje snakk om å innføre einsidige norske tiltak, men om å ta initiativ i kommisjonen.

**Statsråd Svein Ludvigsen:** Regjeringa har faktisk tatt initiativ overfor den norsk-russiske kommisjonen. Det er jo derfor vi kan vise til at det føres en helt annen politikk av denne regjeringen enn den som har vært ført tidligere. Vi har tatt det initiativet som har medført at fangsten fordobles fra i fjor til i år – altså en økning fra 400 000 dyr til 800 000 dyr. Det er et resultat av en mer aktiv holdning at vi nå har introdusert forskningsprogram, både finansiert over statsbudsjettet og i tett samarbeid med Russland. Det er derfor det i løpet av året skal holdes et stort internasjonalt symposium i Norge. Det er derfor vi har fått gjennomslag: Vi tok det opp med russerne og skal kunne forvalte kongekrabben på en annen måte, ut fra nasjonale målsettinger alene, på sør- og vestsiden av den vestlige grensen. Det skal også sies at det er svært tvilsomt om det i det hele tatt er mulig å utrydde krabbene.

Så er spørsmålet: Hvem var det som introduserte PCB-sammenlikningen? Jeg avviser at PCB-skremselbildet som ble trukket opp, er relevant i forhold til den situasjonen som er i Barentshavet og i kystområdene knyttet til kongekrabben.

**Steinar Bastesen (Kp):** Jeg fikk ikke svar på spørsmålet – det er vi jo vel vant med i denne salen.

Hvorfor skal vi forvalte kongekrabben på annen måte enn annen fisk, var spørsmålet jeg ikke fikk noe svar på.

Statsråden sier at vi har en vestlig grense for utbredelse av kongekrabbe. Den skal vi visstnok sette nå med det første. Hva med en nordlig grense? Hva med en nordvestlig grense?

Vi har i dag fabrikktrålere som får kongekrabbe i trålen, men de vet ikke sin arme råd med hvor de skal gjøre av den, for hvis det kommer en inspektør om bord, får de bot, fordi de har tatt vare på krabben. Nei, de må få den på havet i full fart. Som jeg sa i stad: Hvorfor skal det

være slik at man kan få bot, og at man bryter loven ved å ta garnene fulle av krabber til kaia? Lensmannen, som skulle ha gitt en bot, må bryte norsk lov – som er vedtatt i odelsting og lagting – ved ikke å gi de fiskerne bot. Hvorfor har Fiskeridepartementet sagt at det skal være slik?

Statsråden sier at det er forskere som har forsket på kongekrabben. Det er direkte feil å si i denne salen at det er forskere, for det er én forsker som har forsket på kongekrabben. Det er én eneste forsker som har vært i Varanger, og Varangerfjorden er ødelagt som garnfjord på grunn av kongekrabbe. Jeg har selv vært i Varangerfjorden på garnfiske, så jeg vet hva det innebærer. De kan ikke sette garnene i Varangerfjorden på grunn av kongekrabben.

Når det tas ut 800 000 stykker i år, tar vi 200 000 i Norge. Hva er det som er galt i den norske og den russiske forvaltningen – når de tar ut 600 000 og vi tar ut 200 000? Det er noe som må være stein hakkende galt. Vi tar ut 800 000 til sammen, men 600 000 i Russland og 200 000 i Norge.

Og hva er den nordlige grensen? Kan vi forhindre at kongekrabben brer seg til Svalbard, til Bjørnøya og Jan Mayen? Nei, det kan vi ikke. Det er for sent. Vi er i seneste laget, og man må ha fritt fiske ved de ytterste grensene for at vi skal kunne begrense veksten.

